

Lindås kommune  
v/rådmann Ørjan Raknes Forthun  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Knarvik, 18. november 2014

## **Prosjekt Region Nordhordland Helsehus – organisering og vidare prosess**

Kommunane i Region Nordhordland har gitt si tilslutning til realisering av Helsehuset. Med bakgrunn i dette, vedtak i Lindås kommunestyre om lokalisering av kommunale tenester (utvalssak 60/13), samt møte mellom NUI og administrativ leiing i Lindås kommune 13.november d.å. ber vi rådmannen i Lindås kommune om å utpeike representantar til styrings- og prosjektgruppe for prosjektet.

Lindås kommune er saman med Helse Bergen HF dei største leigetakarane i bygget. NUI ser det som særskild viktig at Lindås kommune og Helse Bergen HF, administrativt og fagleg, er aktive deltakarar og pådrivarar for å realisera det som ligg i planane med Helsehuset, samt å vera bidragsytarar i vidare prosess og organisering av prosjektet.

NUI jobbar no med å setja ned ei styringsgruppa for prosjektet, og denne vil bl.a. vera samansett av representantar på øvste administrative nivå hos leigetakarane. Det er naturleg at Lindås kommune peiker ut ein representant til denne.

Prosjektgruppa er samansett av personar som representerer dei som skal inn i bygget, på eit overordna administrativt og / eller fagleg nivå. Me tenkjer at Lindås kommune må stille med ein person som representerer kommunen fagleg og administrativt – og er kommunen sin interne prosjektleiar. Vidare ber me kommunen vurdere korleis me kan involvera dei tilsette gjennom tillitsapparatet / verneombod. Lindås er vertskommune for det interkommunale samarbeidet med felles legevakt og ØHD. Me tenkjer i utgangspunktet at denne tenesta er så spesiell – og vil ha nær tilknytning opp i mot ambulansestasjonen i bygget – at Nordhordland legevakt/døgnpost bør delta i prosjektgruppa.

NUI vil i nær framtid skriva kontrakt om prosjektleiing for bygget. Arbeidet med å laga konkurransegrunnlag for arkitekt og rådgjevande ingeniørar vil då starta omgåande. Parallelt med dette og utover vinteren vil ein jobba med romprogram og finna gode løysingar vedr. teneste utvikling. Lindås kommune bør allereie no starte interne prosessar for å konkretisere arealbehov og melde tilbake til prosjekteigar dersom det er endringar i kva tenester som skal inn i Helsehuset.

Me vil med dette be rådmannen i Lindås innan 28. november d.å. utpeika representant til styringsgruppa for prosjektet på øvste administrative nivå, samt vurdere nærare representantar til prosjektgruppa.

Med venleg helsing



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS